



**VELKOMMEN
TIL OSS I
VASSET BARNEHÅGE**

ÅRSPLAN DEL 2
2020/2021



BARNEHAGEN SITT SAMFUNNSMANDAT

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre. Barnehagen skal støtte og ta omsyn til det einskilde barn, samstundes som omsynet til fellesskapet blir ivaretatt.

For meir informasjon om barnehagen som pedagogisk verksemd, barnehagen sine formål, mål, innhald og arbeidsmåtar i barnehagen, sjå link

Se <https://www.udir.no/rammeplan> for meir informasjon.



Alle barnehagar skal ha ein årsplan og vi har å dele årsplanen i 3 delar:

Del 1 Denne inneheld praktisk og kortfatta informasjon om barnehagen og er laga i eit informasjonshefte frå A-Å

Del 2 Denne inneheld den generelle innhald og drift, pedagogiske grunnsyn og pedagogiske plattform.

Del 3 er forma som ein kalender og tek for seg den pedagogiske delen av arbeidet. Denne vert utarbeidd kvart år og skal godkjennast av SU.

Denne skal vere eit arbeidsreiskap for personalet og eit informasjonsdokument for foreldre og andre interesserte. Årsplanen skal gi en oversikt over aktivitetane i barnehagen og den pedagogiske verksemda. Denne er også eit grunnlag for kommuna sitt tilsyn med barnehagen. Når vi lagar ein årsplan tar vi utgangspunkt i Barnehagelova, Rammeplan for barnehagar, ny 1 aug. 2017 og lokal Rammeplan for Sula kommune.



INNHALD

BARNEHAGEN SITT SAMFUNNSMANDAT	2
PRESENTASJON AV BARNEHAGEN	4
DAGSRYTMA VÅR	4
BARNEHAGEN SIN VISJON	5
PEDAGOGISK PLATTFORM	5
OMSORG	6
BARNESYN	6
LÆRINGSSYN	6
LEIK	8
DANNING	8
BARNES MEDVERKNAD	8
VAKSENROLLA	9
DET FYSISKE MILJØET – ROMMET SOM DEN 3. PEDAGOG	10
PSYSISK HELSE OG LIVSMEISTRING	10
TILKNYTNING	10
FØRSKULEOPPLEGGET I BARNEHAGEN	11
OVERGANG BARNEHAGE OG SKULE	11
DEI SJU FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN	12
PROGRESJON	12
PROGRESJONSTRAPPA	13
DOKUMENTASJON	14
VURDERING OG EVALUERING	14
SAMARBEID	15
SAMARBEID MED HEIMANE	15
SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR	15
Tidleg innsats	15
SamBa – saman om barnet	15
Pedagogisk- psykologisk teneste (PPT):	15
Barnevernstenesta:	15

PRESENTASJON AV BARNEHAGEN

Vasset Barnehage SA er ein privat, foreldreeigd barnehage. Barnehagen vart oppretta i november 1987 av foreldre som mangla barnehageplass .

Vi har 28 plassar for barn mellom 1 og 6 år.

<https://facebook.com/vassetbarnehage/>

<https://vasset.barnehage.no/>

DAGSRYTMA VÅR

For å ha ein forutsigbar kvardag følgjer vi ei fast dagsrytme



KLOKKEN	PLAN	MÅL
07:00	Barnehagen opnar. Personalet tar i mot barn og føresette på avdelinga. Roleg leik.	Alle barn skal bli tatt imot og føle seg velkommen. Dette for at alle skal få ein fin start på dagen.
08:00 - 09:00	Frukost	Dagens viktigaste måltid. Målet er at alle skal få ein roleg stund til å nyte måltidet. Lære seg å bli sjølvstendige i måltidsituasjonar. Vi serverer grøt /brødmatt kvar morgon.
10:00	Organiserte aktivitetar, turar/uteleik	Vi deler inn i grupper etter alder og har organiserte aktivitetar.
11:00	Lunsj	Utan sunn og variert mat og drikke duger helten ikkje. Fin læresituasjon og viktig å få fylt på med energi.
12:30	Utetid/organiserte aktivitetar	Frisk luft og motorisk utfolding.
14:00	Ettermiddags-måltid	Å lære seg å sette pris på sunt kosthald.
15:00	Fri leik inn/ute	Tilpassa vår og årstid. Barna får bestemme sjølv kva dei vil halde på med.
16:00	Rydde	Vi ryddar på plass dei leikene vi ikkje held på med, slik at det ikkje blir mykje igjen å rydde for siste mann. « hugs før du går, å rydde like mange leiker som du er år»
16:30	Barnehagen stenger	Takk for i dag.

Barnehagen si kjernetid er mellom kl. 09.30 -14.00

OM VISJONEN VÅR

I visjonen vår legg vi:

ROM FOR ALLE:

Vasset Barnehage skal vere ein trygg og god plass, der kvart barn vert respektert og anerkjent for den dei er. Deira uttrykk skal bli sett, høyrte og tatt på alvor. Vi skal skape eit godt samhald i gruppa og ha fokus på dei sosiale dugleikane.



BLIKK FOR DEN ENKELTE:

Vasset Barnehage er ein liten barnehage, noko som gode vilkår for lettare å sjå kvart enkelt barn. Vi har ingen fysisk flytting av avdelingar og dei same vaksne fylgjer barna gjennom heile barnehageløpet. Vi rekk og bli godt kjende med kvarandre, fordi her er eit lite og oversikteleg miljø. Dette gir god vilkår for å støtte kvart enkelt barn i si utvikling.

PEDAGOGISK PLATTFORM

I den pedagogiske plattformen vår ynskjer vi å synleggjere den pedagogiske grunntanken vi har for verksemda. Vi har laga ein modell som viser verdiplattformen vår. Modellen synleggjer kva verdiane som er viktige for oss og kva vi legg i dei einskilde verdiane våre. Verdiplattformen skal, saman med visjon, ligge i botnen for arbeidet vårt og denne sjåast i samanheng med den pedagogiske plattformen. Ei slik plattform gir uttrykk for den kompetansen, haldningane, verdiane og dugleikar vi skal å stå for i vår barnehage.

VERDIPLATTFORM FOR VASSET BARNEHAGE



OMSORG

God omsorg er å dekke dei grunnleggjande behova som barnet har. Dette gjeld både fysiske og psykiske behov. For å få til dette krev det at vaksne er der barna er, og at dei er mentalt tilgjengelege. I Vasset barnehage jobbar vi aktivt for å knytte nære relasjonar, slik at barna skal oppleve nærleik og tryggleik. Legg dei gode relasjonar i botn, er det omsorg i kvar ei grense.

BARNESYN

I Vasset barnehage legg vi til grunn at alle barn er unike med eigen personlegdom, med egne tankar, kjensler og meiningar- desse skal vi ta omsyn til. Barn treng kjærleik og omsorg, dei skal verte trudd og tatt på alvor og vi skal anerkjenne kjenslene deira.



LÆRINGSSYN

I arbeidet med å definere læringssynet vårt, må vi ta omsyn til føringar frå statleg og kommunalt hald. Vi legg til grunn verdiplattform og barnesyn og personalet sine egne erfaringar når vi vel arbeidsmetodar.

Vasset barnehage har eit heilskapssyn på læring: Barn lærer med heile kroppen og tek alle sansar i bruk. Vi har tru på at barna lærer best når kjensleaspektet er involvert. Mange innfallsvinklar til same tema, gjer at kunnskapen set seg i ulike senter i hjerna vår og vi hugsar betre. Slike innfallsvinklar kan vere t.d vere kunst, song, musikk og bøker.

Vi vel ofte å arbeide med prosjekt da har vi erfart at denne metoden styrkar gruppekjensla og gjer det enklare å tilpasse dei ulike behova i gruppa. Dette gjev rom for medverknad og høve til å bygge på barna sine interesser og styrker

I Vasset barnehage vil vi gi barna sanslege opplevingar og magiske augneblink, som skal stimulere fantasi og kreativitet. Humor og glede er eit viktig krydder i kvardagen og vi trur at glade barn lærer best. Med ei god stemning i gruppa, kjenner barn seg trygge på å utforske og søke kunnskap. Når vaksne vågar å by på seg sjølve ser vi at terskelen for dette også blir lavare hjå barna. Humor og oppleving av delt glede bidreg til å styrke relasjonen mellom vaksen og barn, og til trivsel i kvardagen.

Å lære gjennom leik er så viktig for oss at det er via eit eige kapittel.



LEIK

Leik er ei grunnleggjande livs- og læringsform, som skal ha ein sentral plass i barnehagen vår. Vi skal anerkjenne at leiken har ein verdi i seg sjølv. Leiken skal vere hovudaktiviteten i barnehagen og skal difor vere øvst på prioriteringslista.

Når barnet leiker, medverkar det i eigen kvardag, og det skal vere rom for at dei får vere seg sjølv. Når vi leiker i lag er vi ein del av eit fellesskap. Der lærer vi om regler og normer og vi utviklar oss både emosjonelt og intellektuelt.

Vår erfaring er at fellesopplevingar er ein grobotn for god leik. Vi ser at bøker, filmar og teater er med på å inspirere til leik som fleire kan delta i, fordi alle har den same referanseramma. I Vasset barnehage er vi opptekne av at barn skal ha omgjevnader som inspirerer til kreativ leik. Vi har leikemateriell som inviterer til fleksibelt bruk og legg til rette for at leiken skal utvikle seg, og mange små områder i barnehagen der barna kan skjermast og få leike i fred. Å leike kan vere ein skule i konfliktløysing og forhandling. Det å mestre leik, bygger sjølvkjensle – og det å leike skal vere å utfalde seg og oppleve livsglede og humor. Leik er også ein flott måte å bearbeide erfaringar og opplevingar på. Vi i Vasset barnehage vil at leiken skal føre med seg dugleikar som å ta ansvar, ta initiativ, lære å ta tur, lære seg å gi og ta, lytte til andre og gi av seg sjølv.

DANNING

I Vasset barnehage ønsker vi at barna skal vere nyfikne på omverda. Ved å ta barns medverknad på alvor, bidreg vi til sjølvstendig tenking og vurderingsevne. NOU 2010 : 8: forklarar danning slik: Danning handlar om å få eit aktivt og bevisst forhold til omgivnaden og å reflektere over det ein gjer i samspel med andre. Barn skal få utfordringar og moglegheiter til å utvikle kunnskap og dugleikar. Gjennom utforsking og samtale om verda, skaffar barn seg innsikt og kunnskap på mange område. Danning er ein kontinuerleg prosess som er tett samanvevd med og dannar grunnlaget for omsorg, leik og læring.

BARNES MEDVERKNAD

Når det er mogleg for eit barn å medverke i eigen kvardag, er det med på å skape både meining og engasjement. Det å få eigarskap til innhaldet i det som skjer gir barna meir ansvar og interesse, og vil også gi meir energi til aktivitetane vi driv med.

Alle barn er ulike, og det er viktig at alle får moglegheit til å medverke i egen barnehagekvardag. Nokon barn seier klart i frå om behov og ønsker, medan andre er litt meir stille. Dette kan henge saman alder, modning, språkleg og kognitiv utvikling. Det er difor ein viktig jobb for personalet i barnehagen å aktivt undersøke og observere kva dei ulike barna ønsker og har behov for.

I praksis betyr ikkje barns medverknad at barnet skal bestemme alt som skal skje i barnehagen, og at dei kan gjere som dei vil. Det betyr at barnehagen skal legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få gi uttrykk for sine interesser. Gjennom å medverke i eigen kvardag får barnet med seg ein viktig kompetanse som de garantert får nytte av resten av livet - ein kompetanse som rustar dei til samarbeid til å ivareta egne behov og til å handle til det beste for fellesskapet.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barns-medvirkning/>

VAKSENROLLA

Rammeplanen vektlegg at dei vaksne skal vere aktive og tydelege for å fremje eit godt sosialt miljø. Desse føringane passer godt med den vaksenstilen som forskning framhevar som den aller beste i møte med barn – den autoritative vaksenstilen. Denne vaksenstilen ønsker Sula kommune at skal kjenneteikne alle som er tilsett i oppvekstsektoren. Omgrepet «autoritativ» er henta frå Baumrinds forskning knytt til ulike foreldrestiler. Eit kjenneteikn i denne måten å arbeide på er at den gode relasjonen mellom barnet og den vaksne er ein grunnstein for alt anna arbeid.

<https://utdanningsforskning.no/artikler/ulike-perspektiver-pa-relasjonsbygging/>

Hos oss er det verdipattformen vår som i tillegg skal legge føringar for korleis vaksne skal opptre. Hovudpunkta som skal kjenneteikne personalet i Vasset barnehage er

OMSORG, HUMOR, ENGASJEMENT, KREATIVITET og INTRIGITET

Alle menneske er ulike- slik er det også i Vasset barnehage. Vi har ulike styrker og svakheiter som vi må jobbe med. Det er viktig å få bruke side gode eigenskapar og å utfordre seg sjølv på dei områda ein ikkje er like komfortabel. Vi skal vere opne for innspel frå andre og må tole at ikkje alle er einige alltid- slik må det vere for at vi skal utvikle oss som menneske, fagpersonar og som barnehage.

Alle vaksne har ansvar for å observere leik og vere aktive i leiken det dette passar seg. Det er dei vaksne sitt ansvar at alle finn seg til rette i leiken på sitt nivå og sørge for at leiken får nok tid og fred til å utfalde seg. Alle treng ikkje leike med alle, men alle skal ha nokon å leike med! Vi deler ofte barnegruppa for å bygge og styrke relasjonar mellom barn, for å utvide leikekompetansen.

I Vasset barnehage jobbar vi for å gi barna ei felles referanseramme som grunnlag for leiken. Dette gjer vi gjennom spontane innfall, tema-arbeid, prosjekt og felles kulturelle opplevingar. Barnehagen vår skal gi barn høve til å oppleve kunst og kultur og til å utrykke seg estetisk. Vi skal legge til rette for at barna får ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede. Dei vaksne må ha auge for samspelet mellom barn i gruppa. Vi har plikt til å gripe inn dersom eit barn vert krenka eller mobba og vegleie slik at ingen stenger andre ute. Vi skal gi barna tid og rom til å bli sjølvstendige, medverke i kvardagen sin, støtte barna si utforskning og ta imot dei når dei treng støtte og nærleik.

I Vasset barnehage skal vi ha barnet sitt beste som grunnleggande omsyn. Dette krev at vi til ei kvar tid er oppdaterte på fagfronten som omhandlar barna og deira utvikling. Vi skal vere aktive, kreative og engasjerte vaksne, som står fram som gode rollemodellar. Vi må vere medvitne om at det er dei vaksne sitt ansvar å skape gode relasjonar mellom barnet og vaksne. Vi jobbar målretta med eit system som skal sikre gode relasjonar.

Barna skal møte vaksne som er trygge på kvarandre og har det gøy saman. Vi trur at stemning, gode opplevingar, masse humor og tilpassa krav gir den beste grobotten for god leik og læring gjennom leik.

DET FYSISKE MILJØET – ROMMET SOM DEN 3. PEDAGOG

I Vasset barnehage er vi bevisste på å skape gode leikemiljø som stimulerer til ulike typar leik. Variasjon av tilgjengeleg leikemateriell er viktig. Vi har eit loft fullt av leiker, som vi kan bytte på å ta fram, slik at barna ikkje bli leie, eller at leikene blir for kjedelege i forhold til barna sine interesser, alder og utviklingnivå. Vi skal og ha rom med fleksibilitet i slik at vi kan variere kva type leik ungane kan halde på med. Inn i mellom lagar vi temarom. Til dømes piratrom, dyrlege, sjukehus, brannstasjon, kafé og butikk. Vi skal lage leikemiljø ift det temaet vi arbeider med. Vi har erfaring med at dette stimulerer positivt til leik og utforsking.

PSYSISK HELSE OG LIVSMEISTRING

Alle barn har eit grunnleggjande behov for å vere trygge, bli sett og forstått. Psykisk helse handlar om korleis vi har det med oss sjølve, om vi trivast og er fornøgde med livet og om vi har overskot og verkty til å takle utfordringar og motgang. Det er viktig at barna har eit positivt og realistisk sjølvbilette og ei god sjølvkjensle. For å oppnå dette må barnet oppleve å vere i omgjevnader som er akseptierende, støttande og som set krav som barnet kan meistre. Ei god psykisk helse er ein føresetnad for at born skal ta til seg læring og danne gode sosiale relasjonar. Born som er i psykisk ubalanse har ikkje mentalt overskot til å lære, dei brukar all sin mentale kapasitet til å uroe seg. At barna opplever barnehagen som ein trygg arena gir betre føresetnader for at barna kan leike og vere kreative, noko som gir det beste grunnlaget for læring og utvikling.

Barna vil møte mange utfordringar i løpet av barnehageåra sine. Konflikhtar og forhandlingar er ein del av kvardagen og det er viktig at dei vaksne ikkje ordnar opp for barna, men gir dei metodar og eksempel som dei kan bruke for å ordne opp sjølve. Mobbing og utestenging kan skje- også i barnehagen. I disse tilfella skal sjølvstøttede dei vaksne gripe inn og ta vare på dei utsette, men også dei som utfører handlinga. I barnehagen vår arbeider vi førebyggjande for å ta vare på god psykisk helse mellom anna med opplegget «Grønne tankar, glade barn» som er eit systematisk pedagogisk opplegg for å lære om kjensler og korleis vi handsamar dei på beste måten. Vi har fokus på sosial kompetanse, å skape ei gruppekjensle der alle er like viktige, og vi arbeider systematisk med å betre relasjonar og haldningar. Vi ønsker eit miljø det ein kan vere akseptert og sett pris på akkurat som ein er. Vi ønsker å formidle at borna er gode nok som dei er, dei treng ikkje få til alt, eller vere best i alt, og motivere dei til å lære og utvikle seg vidare.

TILKNYTNING

Dei fyrste dagane i barnehagen kan verke sårbare. Her skal barnet knyte band til nye vaksne og barn og tilpasse seg eit heilt nytt miljø. Vi har laga ein plan, for å sikre at denne første tida skal bli så skånsam som råd. Ein tilknytningsperiode skal ha barnet sin tryggleik i fokus, for å sikre at gode relasjonar vert danna. Det er stor variasjon i kor lenge dette kan ta, med her skal vi sjå kvart enkelt barn sitt behov. Dette må på plass for at barnet skal utvide horisonten sin, utfalde seg, leike og lære. Vi sender ut eit brev før barnehagestart med meir informasjon om denne tilknytningsperioda og korleis organiserer denne hos oss.

<http://tilknytningspsykologene.no/video-cos-animasjoner/>

FØRSKULEOPPLEGGET I BARNEHAGEN

Ein gong i veka legg vi opp til at førskulebarna skal ha ei stund for seg sjølve, med arbeidsøkt, måltid og friminutt. Vi har litt fastare rammer for opplegget for at barna skal få eit lite innblikk i strukturen som ventar dei i skulen. Vi nyttar arbeidsbok som er tilrettelagt for førskulebarna, den er også bruke i nokre kommunal barnehagar i Sula. I Førskulegruppa trener vi t.d blyantgrep, teljing, begrep om størrelsar, mønster og rekkjefølge. Vi arbeider også med å lære barna å kople lydar til bokstavar, og å kjenne igjen namnet sitt. Vi les lengre bøker som trenar opp lyttedugleiken, og lærer å vente på tur. I barnehagen skal vi bruke mange gylne anledningar til trening i sjølvstende, spesielt ved, måltidet, under påkledning og ved toalettbesøk. Det vil bli satt større krav til dei, men det skal vere krav dei får meistringsfølelse av. Forventningane til det å vere eldst i barnehagen er stor, og vi skal fokusere på å kose oss «her og no» og balansere forventningane til skulen. Vi har ein tradisjon i Vasset barnehage på at førskulegruppa avsluttar tida si i barnehagen med overnatting. Dette er eit spennande overgangsrituale for mange, men erfaringane våre er at dette går veldig bra. Barna får vere med på å styre programmet for kvelden, og førebuinga er ein viktig av førskuleopplegget i tida før overnattinga.

OVERGANG BARNEHAGE OG SKULE

Alle barnehagane og skulane i Sula har eit forplikande samarbeid, der målet er å legge til rette for ein god overgang frå barnehagane til skule. Dette er i tråd med nasjonale og kommunale planar. Samarbeidet er forankra i eit årshjul, som viser kven som har ansvar og kva tid ei skal/må ta kontakt med kvarandre.

Førskulebarna som skal byrje på same skule har fleire treffpunkt i løpet av året, kor dei er ute og gjer ulike aktivitetar i lag. Det er lagt opp til skulebesøk i lag med barnehagen og eit innskulingsopplegg over to dagar, der barnet kjem med foreldra sine.

https://www.sula.kommune.no/_f/p1/i2e55f8fd-872c-44bd-bbc8-d752d084cdc0/arshjul-samarbeid-barnehage-skule.pdf



DEI SJU FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Barnehagar skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. I årsplan del 3 viser vi til korleis vi nyttar fagområda innfor året sitt hovudtema. I Vasset barnehage sjekkar vi dei didaktiske planane opp imot fagområda, både under vurderinga og i dokumentasjon.

Les meir om fagområda i rammeplanen her:

<https://udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/fagomrader/>

PROGRESJON

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon for alle barn gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og dugleikane sine, oppleve meistring og å ha noko å strekke seg etter.

<https://udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/arbiedsmater/progresjon/>

PROGRESJONSTRAPPA

Progresjon, kva tyder det da?

Er det noko alle barn må ha?

Ja, det tyder at barn skal oppleve framgang, frå å bruke enkle ord til å lære ein heil song, gå frå å teikne krusedullar, strekar og små flekker, til å lage teikningar som heile arket dekker.

Små barn ser, observerer og kan vere skeptiske til folk dei ikkje kjenner,

men seinare i livet kan dei bli til gode venner.

Babyer bruker bleier, ikkje truse,

så vert dei eldre og do-koden skal dei knuse.

Nokre barn hugsar kva sin egen bokstav het, vipps etter øving meistrar det eit heilt alfabet.

Eit barn som har lært seg og gå,

kan du sjå ute løpande nå.

Frå ustødige små trinn,

til å meistre eit trappetrinn.

I barnehagen jobbar vi for at kvart einskild barn skal kjenne

meistringsfølelse, glede og ros dei seint vil glemme.

Kvart barn er unikt og god på å være «seg», hugs at frå sidelinja heier vi på deg



PROGRESJONSTRAPPA I VASSET BARNEHAGE



KROPP, BEVEGELSE
MAT OG HELSE

KUNST, KULTUR
OG KREATIVITET

KOMMUNIKASJON,
SPRÅK OG TEKST

NATUR, MILJØ
OG TEKNIKK

ANTALL,
ROM OG FORM

ETIKK, RELIGJON
OG FILOSOFI

NÆRMILJØ
OG SAMFUNN

1-2 ÅRINGANE

MÅL

- Få allsidige sanseopplevingar
- Få positive opplevingar og erfaringar i naturen
- Vere mykje ute, i all slags ver.
- Legge merke til det som skjer i naturen.

-«kven er eg» og «kven er du»?

- Få sanseerfaringar med ulike formingsmateriell og kunstformer.

- Vi går små turar for å bli kjend med nærmiljøet vårt.
- Få erfaring med å tilhøyre ei gruppe

- Legge vekt på allsidig rørsle og leik
- Erfare nye smakar
- Erfare eigne og andre sine kjenstler

- Leike, utforske, og få erfare ulike former, mønster og størrelsar inne og ute.
- verte kjend med teljing i rutinesituasjonar som måltid, stelle og garderobesituasjon.

- Barna skal lytte, observere og gi respons i samhandling med andre.
- Bruke språk, lydar og kroppsspråk aktivt.
- Sjå i bilde og peikebøker

3-4 ÅRINGANE

MÅL

- Få grunnleggjande erfaringar med samspel og samheng i naturen.
- Vi komposterer, sår og haustar
- Fokus på kjeldesortering og å halde naturen rein

- Utvikle interesse for kvarandre sine meiningar, tru og ulikskapar.
- Lære og ta omsyn til kvarandre

- Utvikle interesse for kunst, kultur og kreativitet.
- «frå tanke til bilete»

- Utvide horisonten sin.
- Få erfaring med gruppedynamikk og lære å bidra til fellesskapet
- Besøke andre barnehagar.

- Vidareutvikle kroppsmedvit, grov- og finmotorikk, rytme og motorisk kjenstle.
- Øve på å sette ord på og regulere kjenstler

- Bli betre kjend med matematiske omgrep i daglegtalen, t.d. stor, liten, først og sist
- Borddekking
- Teljing på tur.

- Barna skal vidareutvikle begrepsforståing og utvide ordforrådet
- Leike med språket

5-ÅRINGANE

MÅL

- Få ei forståing av at alt i naturen heng saman.

- Utvikle toleranse og respekt for kvarandre sine ulikskapar, tru og meiningar.
- Filosofere over eksistensielle spørsmål

- Utvikle seg gjennom musikk, dans og drama
- Auke detaljfokus

- Innføring i demokratiske prinsipp.
- Besøke bedrifter og instansar i nærområdet, t.d. bibliotek, Kveldsro og skulen.

- Få kunnskap om menneskekroppen og forståing for betydninga av gode vanar og eit sunt kosthald.

- Bli betre kjend med matematiske omgrep.
- Bli kjend med taksiffer fortruleg med talsiffer og teljerekkefølge.
- Lære reglar for spel og regelleikar

- Barna skal vidareutvikle ordforråd og grammatikk. Bruke språket i kommunikasjon med andre i ulike situasjonar.
- Lytte til historier utan støtte av bilete.

DOKUMENTASJON

Dokumentasjon gir foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen (rp.55).

Kvart år utarbeidar personalet ein årsplan del 3, som viser kva som er spesielt for det året som kjem. For å synleggjere innhaldet for «omverda» i etterkant, har vi jamnleg avisinnlegg i lokalavisa og publiserer facebook- innlegg offentleg.

For den inste kjerne, som er foreldre og føresette, gir vi meir inngående informasjon. Dei får utdelt månadsplanar i forkant av kvar månad, og får rapportar på ei lukka facebook- gruppe i etterkant. Prosjekta våre er basert på ein pedagogisk tanke, som er didaktisk knytt til dei sju fagområda. Her skisserer vi kva vi vil at barna skal lære i prosessen. Vi har fått rutine på å velje ut ein skilde prosjekt som vi dokumenterer i egne hefte. I denne dokumentasjonen skal det kome fram kva den pedagogiske tanken bak prosjektet er, kva metodar som vert brukt, eit biletmateriale og vurdering av prosjektet. For personalgruppa er dei nyttige på den måten at vi kan sjå tilbake på dei i møte med nye prosjekt, slik at vi ikkje treng å finne opp kruttet på nytt kvar einaste gong. I hefta er det både tekst og bilete, og hefta skal vere tilgjengelege, slik at barn og foreldre kan kikke i dei.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/pedagogisk-virksomhet/dokumentasjon/>

VURDERING OG EVALUERING

For at personalet skal utvikle seg og lære av erfaringar, er det viktig med kontinuerleg vurdering undervegs i arbeidet vårt for at arbeidsmetodane vi har valt skal passe barnegruppa vår. I etterkant evaluerer vi prosjekta våre for å sjå kva som fungerte bra og kva som var mindre bra, og kvifor. Oppnådde vi det vi hadde tenkt eller tok prosjektet ei anna retning? Fekk vi resultat vi ikkje hadde forventa? Slik refleksjon gir viktig innsikt og læring for oss som arbeider med barn. Vi har oftast ei halv- og ei heilårs evaluering av arbeidet med årsplanen, spesielt for å sjå om vi har gjennomført det vi har lova i planen. Etisk og pedagogisk refleksjon er ein viktig del av vurderingsarbeidet og skal sjølvsagt inngå i det daglege arbeidet med barn ,og alle i personalet skal vere med på dette viktige arbeidet. Slik refleksjon inngår ofte i daglege situasjonar -og meir formelt i avdelings- og personalmøte. Vi har ulike skjema og metodar som kan hjelpe oss i å systematisere vurderingane våre slik det vert lettare å evaluere ei ferdig prosjekt eller fokusområde.

Foreldreundersøkinga gir viktige vurderingar og innspel til kva vi kan gjere annleis, om korleis foreldra oppfattar verksemda vår, og om kva område vi kan bli betre på. Vi er også pålagde å følgje med på barna si utvikling og trivsel. I Sula kommune nyttar vi vi TRAS- skjema på alle barn, og skjemaet « 4 år – trygg og klar» i samarbeid med helsestasjonen sin fire-års kontroll. I ein liten barnehage, slik som vår, er det ofte lettare å få auge på om eit barn treng støtte på enkelte område. Vi har ingen skifte av avdeling og blir godt kjende med barna og kan ofte lettare sjå når tiltak er naudsynt. Gjennom grundig vurderingsarbeid, refleksjon og evaluering kan vi lære av eigen praksis og utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd, og sikre at vi har barnet sitt beste i botn for alt vi gjer.

<https://www.udir.no/laring-trivsel/rammeplan/pedagogisk-virksomhet/vurdering/>

SAMARBEID - SAMARBEID MED HEIMANE

Samarbeid mellom personalet og føresette i barnehagen er vesentleg for tryggleiken og trivsel for både barn og vaksne. Barnehagelova pliktar barnehagen til å oppdra barna i nær forståing og samarbeid med heimen. Eit godt samarbeid mellom personalet og foreldra skal kjennast på at forholdet er prega av gjensidig respekt og tillit. Foreldra skal kunne spørje personalet om rettleiing og støtte, og personalet skal vere lyttande og open for drøftingar kring fleksibilitet og tilpassing av tilbodet for det einskilde barn. Det er viktig for oss å la foreldre medverke i barnehagen. Vi utvekslar informasjon og foreldra har høve til å uttrykke ønsker og behov for sine barn. Gjennom foreldremøte, foreldresamtalar og foreldreundersøkinga har foreldra høve til å kome med innspel til barnehagekvardagen. I den lukka facebookgruppa vår, gir vi foreldra utfyllande informasjon om dagane våre. Her oppfordrar vi foreldra til å kome med idear og innspel til oss.

<https://www.udir.no/laring-og-trivel-rammeplan/samarbeid-hjem-barnehage/>

SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR

TIDLEG INNSATS: Sula kommune har tidleg innsats som satsingsområde, og gir kurs til barnehagar og skular for at vi skal bli flinkare til å jobbe med dei utfordringane som barn kan ha.

Dette kan vere vanskar knytta til, språk, motorikk og adferd.

I Vasset barnehage har vi som mål å vere tidleg ute med fange opp og følgje opp barn som treng litt ekstra hjelp på vegen. Vår erfaring er at sidan vi er ein liten barnehage er her gode vilkår for dette.

Døme på samarbeidspartar er helsestasjon, BUP, PPT og barnevern.

SAMBA – SAMAN OM BARNET: Dette er eit lågterskeltilbod frå Sula Kommune. Om foreldra eller barnehagen ynskjer å drøfte ei utfordring eller bekymring kring barnet, kan ein ta kontakt med Samba. Dette er eit tverrfagleg team frå ulike instansar i kommunen, som skal ha eit løysingsorientert fokus og ei målsetting om å rettleie foreldre/føresette og fagpersonar så tideleg som mogleg, medan utfordringane fremdeleis er små. Foreldra kan sjølv, eller i samarbeid med barnehagen, sende inn bestilling

https://www.sula.kommune.no/_f/p1/i9198eb89-47e5-49ab-9bdc-d6abac230d1e/samba-metodebok-barn-0-16-ar.pdf

PEDAGOGISK- PSYKOLOGISK TENESTE (PPT): I samarbeid med føresette kan PPT bli kontakta for råd og rettleiing til kvart einskild barn. Dette skjer alltid i samråd med føresette. For å følgje opp at kvart enkelt barn har den forventa progresjonen, nyttar vi «alle med», «tras» og «4 år trygg og klar» som kartleggingsverktøy.

BARNEVERNSTENESTA: I følge Lov om Barnevern har barnehagen meldeplikt til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt. Dette kan gjerast utan føresette sitt samtykke, men føresette skal informerast om at uro er meld. Eit unntak frå denne regelen er dersom det er mistanke om vald eller overgrep.

